



MØTEINNKALLING

Organ: HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE
Møtestad: Raftevolds Hotel, Hornindal
Møtedato: 12.04.2016 **Tid:** 11:00

Medlemene blir med dette innkalla til møte som nemnt ovafor. (Ev. forfall må meldast hit straks.)
Varamedlemer møter berre etter nærare varsel. Saksdokumenta er utlagde på *

SAKSLISTE

Desse sakene ligg føre:

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
14/16	16/3220 Rutekunngjering 2016/2017
15/16	16/3270 Skriv og meldingar til møte i hovudutval for samferdsle 12. april 2016



POL

HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
14/16 12.04.2016 16/3220 11288/16

Sakshandsamar: Øystein Hunvik

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for samferdsle	12.04.2016	14/16

Rutekunngjering 2016/2017

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

1. Det vert ikkje produsert felles rutehefte for Sogn og Fjordane for perioden 19.06.2016 – 20.06.2017.
2. Samferdsleavdelinga må før 19. juni 2016 få på plass system for rutekunngjering i tabellform slik at det er best mogeleg tilgjengelig for alle.
3. Pengane som er sett av til produksjon og distribusjon av ruteheftet må brukast på utvikling og marknadsføring slik at publikum får best mogeleg informasjon om rutetilbodet.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

1. Det vert ikkje produsert felles rutehefte for Sogn og Fjordane for perioden 19.06.2016 – 20.06.2017.
2. Samferdsleavdelinga må før 19. juni 2016 få på plass system for rutekunngjering i tabellform slik at det er best mogeleg tilgjengelig for alle.
3. Pengane som er sett av til produksjon og distribusjon av ruteheftet må brukast på utvikling og marknadsføring slik at publikum får best mogeleg informasjon om rutetilbodet.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Som einaste fylke i Noreg har Sogn og Fjordane laga eit felles rutehefte for heile fylket der alle ruter er samla. Uansett kva transportmiddel kundane ønskjer å reise med finn dei rutetilbodet i ruteheftet.

Samferdsledepartementet fastsette i 2013 at rutedata skal vere gyldig/søkbare i minst 3 månadar framover i tid. Kunngjeringsplikta i Sogn og Fjordane vert ivareteken ved at rutene blir søkbare på reiseplanleggjaren på Kringom.no.

Tidlegare er det berre dei største haldeplassane som har vore søkbare, medan det no er krav om at rutetilbodet til/frå alle haldeplassar skal vere tilgjengelig på rutesøk. Utfordringa med dette er at kvaliteten på rutedata må ha ein betydeleg høgare detaljering enn tidlegare. I tillegg må programma som skal ta imot rutedata vere tilpassa det som vert levert. Endringane ovanfor gjer at

verktøy som tidlegare har vore brukt til å levere rutedata og produsere rutehefte ikkje lenger er gode nok.

Det er Norsk reiseinformasjon (NRI) som har ansvaret med rutekunngjering nasjonalt. Det er ikkje krav til kunngjering av rutetabellar på papir. Pr i dag er status at NRI eller andre aktørar ikkje har hjelpemiddel til å lage nytt rutehefte som kan vere klart til 20. juni 2016. På oppdrag for Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider likevel NRI og Custom Publish med utvikling av verktøy til å lage trykte rutetabellar ut frå dei data som vert innlevert. Utviklinga av dette verktøyet er inne i ei avsluttande fase og det er forventa at dette er på plass i løpet av mai.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er svært viktig at kundane har lett tilgang til informasjon om rutetilbodet i fylket. Dei fleste brukar internett og har tilgang til rutesøket på Kringom.no. Det er likevel slik at ein del personar ikkje har denne tilgangen og er avhengig av trykte tabellar.

Sjølv om det ikkje er mogeleg å få laga eit komplett rutehefte, må kundane få nødvendig tilgang til ruteinformasjon. I skrivande stund har vi tru på at vi vil ha klare rutetabellar når ny ruteperiode startar 19. juni.

Samferdsleavdelinga må arbeide med løysingar som gjer at ruteinformasjon er tilgjengeleg for kundane. Dette kan vere aktuelt på følgjande måtar:

- Elektronisk rutesøk på Kringom.no
- Tabellar tilgjengelig på Kringom.no og fylkeskommunen si heimeside
 - Oppslag/nedlasting
 - Utskrift
- Utsending av tabellar ved bestilling på
 - Telefon
 - E-post
- Lokale rutetabellar om bord på buss, båt og ferje
- Marknadsføring/informasjon

Hovudutfordringa i dag er at vi er midt inne i eit utviklingsprosjekt med stor risiko for feil/avvik. Med stor fare for at det vil bli ein del feil i dei nye rutetabellane, er det lite gunstig å produsere ein nytt komplett rutehefte.

For å kunne presentere riktig ruteinformasjon til ei kvar tid må vi i denne omgang avgrense oss til å arbeide med utvikling av rutetabellar som kan endrast og skiftast ut etter kvart som det vert avdekka feil.

Rutesøk for perioden etter 19. juni vart tilgjengelig på Kringom.no i veke 14. Fram mot 19. juni må det arbeidast med kvalitetssikring av rutetabellane som skal ut til publikum. Når vi ser resultatet og kvaliteten på dette arbeidet må det endeleg avklarast korleis ruter skal kunngjerast i framtida.

Økonomiske konsekvensar

Det er sett av om lag 700.000 kr til produksjon og distribusjon av felles rutehefte for Sogn og Fjordane.

Sjølv om det må utviklast nye verktøy for rutekunngjering kjem kostnaden til å bli mindre enn budsjettet dersom vi ikkje lagar rutehefte. Det vil difor vere rom innanfor gjeldande budsjett for å gjere tiltak på tilrettelegging og marknadsføring av korleis publikum får informasjon om rutetilbodet.

3. Konklusjon

Det er ikkje mulig å lage eit felles rutehefte for Sogn og Fjordane i år.

Det beste for kundane er at det vert brukt tilstrekkelig både administrative og økonomiske ressursar framover våren slik at ruteinformasjonen som vert lagt ut til publikum på mellom anna Kringom.no har ein slik kvalitet at publikum kan stole på det som vert lagt ut.



POL

HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
15/16 12.04.2016 16/3270 11653/16

Sakshandsamar: Oddveig Hove

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for samferdsle	12.04.2016	15/16

Skriv og meldingar til møte i hovudutval for samferdsle 12. april 2016

- 1 a: Høyringsutkast - Planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027
- 1 b: Planprogram - høyringsutkast
- 2 a : Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39 Bruland
- 2 b: Rådmannen i Førde sitt saksførelegg til formannsskapet, datert 30.03.16
- 3: Notat: Kommunikasjonsutfordringar for innbyggjarar i Vik kommune i påsken
- 4: Notat - Kryssing av fv. 55 på Neshøgdi i Luster kommune
- 5: Fråsegner vedkomande nedskjeringar i transport tilbod.

- 1 a: Høyringsutkast - Planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027
- 1 b: Planprogram - høyringsutkast
- 2 a : Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39 Bruland
- 2 b: Rådmannen i Førde sitt saksførelegg til formannsskapet, datert 30.03.16
- 3: Notat: Kommunikasjonsutfordringar for innbyggjarar i Vik kommune i påsken
- 4: Notat - Kryssing av fv. 55 på Neshøgdi i Luster kommune
- 5: Fråsegner vedkomande nedskjeringar i transport tilbod.

